

1. Mål og prioriteringer | 2. Om utlysningen | 3. Opprett søknad

Regionalt forskningsfond Vestlandet (RFFVEST)

REGIONALE OFFENTLIGE PROSJEKT - INNOVASJON I KOMMUNAL SEKTOR (2019)

Utlysing av midlar til fleirårige FoU-prosjekt i kommunal sektor. Kommunar og/eller samanslutningar av kommunar i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane som samarbeider med forskingsinstitusjon kan søkje. Prosjekta kan få inntil kr. 3 millionar i støtte.

Annen støtte Velg

Søknadsfrist: 13.02.2019 13:00 CET

MELDINGER:

UTLYSINGA VIL VERTE AKTIV 2. JANUAR. Justeringar kan verte gjort fram til då.

Hugs alle krav til søknaden - spesielt obligatoriske vedlegg (prosjektbeskriving, CV'ar og partnarskjema for bedrifter.) Ufullstendige søknadar kan verte avviste.

STATUS:

Aktiv

ANTATT TILGJENGELIGE MIDLER:

Samla er det sett av kr. 22 millionar til dei to utlysingane av regionale bedriftsprosjekt og regionale offentlege prosjekt med søknadsfrist 13. februar 2019.
Ramma kan verte endra.

Føringer og viktige forhold for alle søknadstyper i utlysningen:

Dei som kan søke er organisasjonar innan kommunal sektor som samarbeider med forskingsinstitusjon/ar i eller utanfor fondsregionen.

- Kommunane/fylkeskommunane er ansvarleg for gjennomføring av prosjekta
- Prosjekta skal vere forankra i kommunale mål, strategiar og kommunalt leiarskap i søkjarkommunen/ane og involvere den kommunale organisasjonen.
- Det kommunale engasjementet skal vere synleg i budsjettet (kostnader, finansiering)
- Spreiing av resultat til andre kommunar og andre relevante aktørar vert vektlagt

TEMA

Utlysinga er tematisk open. Kommunar og fylkeskommunar definerer sjølve tema kva dei ønskjer forsking på, knytt til innovasjonsbehov og -prosessar i eigne ansvars- og tenesteområde.

Innovasjonar *forstår vi her som nye eller vesentleg forbetra varer, tenester, prosesser, organisasjons- og styringsformer eller konsepter som vert tatt i bruk for å oppnå verdiskaping og/eller samfunnsnytte.*

Kommunar og fylkeskommunar er tenesteprodusentar og legg til rette for berekraftig samfunnsutvikling. Kommunal sektor står slik i første rekke til å møte nokre av dei mest krevjande samfunnsutfordringane i dag.

Kommunal sektor er sjølv i endring. Kommunereforma vil til dømes kunne gi endra rammer for kommunane sitt arbeid, nye utfordringar og nye kunnskapsbehov. Det er dessuten auka krav til samspel mellom tenesteområde og mellom offentleg, privat og frivillig sektor.

Norske kommunar har mykje til felles, men også ein del som skil dei frå kvarandre. Den vestnorske geografien, busettings- og næringsstrukturen set også ramma for mulegheiter og

KONTAKTPERSONER

Randi Lotsberg - Hordaland fylkeskommune
Turi Kvame Lorentzen - Rogland fylkeskommune
Jone Engelsvold - Hordaland fylkeskommune

utfordringar i kommunale ansvarsområde. Regionale skilnader kan difor representere særlege utfordringar det er viktig å møte ved hjelp av forsking

Skriv ut siden



Søk i alt innhold Søk

FORSIDEN

- Sentrale dokument
- Om fondsregion Vestlandet
- Nyheiter
- Fondsstyre
- Søknadsinformasjon
- Mitt Nettsted
- Kontaktinformasjon
- Kalendar
- Rapportering
- Årskonferanse 2018
- Prosjekt som har fått støtte

1. Mål og prioriteringer | 2. Om utlysningen | 3. Opprett søknad

Regionalt forskningsfond Vestlandet (RFFVEST)

Regionale offentlige prosjekt - innovasjon i kommunal sektor (2019)

ANNEN STØTTE

☐ Jeg bekrefter at jeg har satt meg inn i de vilkårene som er beskrevet i utlysningens tre deler

Opprett søknad

Spesielle føringer:

Krav til kven som kan søkje

- Søkjar er ein organisasjon innan kommunal sektor som samarbeider med godkjend forskingsinstitusjon/ar i eller utanfor fondsregionen. Kommunal sektor er ein kommune, fylkeskommune eller ein samanslutning av slike.
- Prosjektansvarleg søkjarar må vere lokalisert i fondsregionen (Hordaland, Rogaland, Sogn og Fjordane) og vere registrert med organisasjonsnummer.

Krav til innhald, søknadsskjema og obligatoriske vedlegg

- Søknaden er innan formål og rammer for søknadstypen og utlysinga.
  Det betyr særleg at søknaden må ha eit tydeleg forskingsinnhald og rette seg inn mot tema for utlysinga.
- Søknaden skal vere sendt inn som eSøknad på "Mitt nettsted". (Når ein opprettar søknad, vert ein automatisk kopla dit. Her er det eit elektronisk søknadsskjema)
- **Obligatorisk vedlegg 1**: Prosjektbeskriving følgjer oppgitt mal og format (10 sider) - Her er malen DOCX - 105 KB
- **Obligatorisk vedlegg 2**: CV med publikasjonsliste for prosjektleiar og sentrale prosjektmedarbeidarar (maks 4 sider per CV)
- **Obligatorisk vedlegg 3**: Partnaropplysningar for alle ***bedrifter*** som er partnarar i prosjektet etter oppgitt mal - her er malen DOCX - 90 KB
  NB - Alle partnarane skal også førast opp i søknadsskjemaet.
- **Vedlegg 4:** Samarbeidserklæring frå andre partnarar, som godkjende FoU-institusjoner, andre offentlege aktørar mm. Maks. 1 side per partnar.
- Andre vedlegg er ikkje tillete og vil ikkje verte tatt med i søknadsvurderinga. Manglande vedleggg kan føre til at søknaden ikkje blir vurdert.
- Søknaden skal skrivast på norsk eller engelsk

Krav til støttebeløp, kostnadar og tidsramme

- Prosjektperiode på inntil 3 år
- Støttebeløp på inntil kr. 3 millionar
- Kostnader som gir grunnlag for støtte er personalkostnader, kjøp av FoU-tenester og prosjektrelaterte utstyrs- og driftskostnader
- Støttegrad samla er inntil 70% av godkjende kostnadar i prosjektet
- Dersom ei bedrift eller eit føretak som driv økonomisk aktivitert ved å tilby varer og/eller tenester i marknaden er partnar i prosjektet, vil Statsstøtteregelverket regulere kven som kan får støtte og støttegrad, samt kva type aktivitetar og kostnadar som kan verte støtta. Støtte vert gitt etter kategoriane "Industriell forsking" og "Eksperimentell utvikling". Støtte til ein forskingsorgsnisasjon sin ikkje-økonomiske aktivitet, vert ikkje rekna som statsstøtte. Det føreset at organisasjonen har tilfredsstillande rekneskapmessig skilje.
  Ta kontakt med sekretariatet for fondet dersom du har spørsmål om dette.
- Utrekning av eigenfinansierte kostnader skal følgje Forskingsrådet sine reglar. Dette gjeld

særleg timekostnad for eigne tilsette, men også andre utgifter som kostnad knytt til bruk av eige utstyr etc

- Berre rekneskapsførte utgifter, herunder innberetta løn, vert lagt til grunn for godkjenning av prosjektkostnader. Ulønna timar kan ikkje reknast som eigeninnsats i prosjekta. Fordeling av kostnader mellom partnarane som samarbeider i prosjektet vert dokumentert med faktura der også eigeninnsats går fram.
- Tidlegaste dato for prosjektstart: 19. juni 2019

Ufullstendige eller mangelfulle søknadar vil kunne verte avslått utan fagleg vurdering.

VURDERINGSKRITERIA

Her er kriteria som søknader vil verte vurdert etter DOCX - 86 KB .

SJEKKLISTE FOR SØKNADER

Når du sender inn søknad på "Mitt nettsted" må du sjølve passe på at alle krav i utlysinga er oppfylt og obligatoriske vedlegg er med. Gå gjennom denne sjekklisa for å sikre at søknaden oppfyller dei formelle krava og kan verte fagvurdert.

Har du kontrollert at søknaden er i tråd med utlysinga?	
Har du fylt inn alle punkt i søknadsskjemaet?	
Har du nytta obligatorisk mal for prosjektskildring? Har du svart på alle spørsmåla i malen?	
Har du lagt ved CV for sentrale FoU-medarbeidarar som syner at det er forskingskompetanese i prosjektet?	
Har du fylt ut partnarskjema for bedrifter som deltek i prosjektet?	
Har du sjekka at søknadsbeløpet er i høve til regelverk for støtte?	

TIPS: Forskingsrådet har god rettleiing om "Mitt nettsted" og søknadsskjemaet under ***Ofte stilte spørsmål***

Tidligste tillatte prosjektstart: 19.06.2019
Seneste tillatte prosjektslutt: 31.12.2022
Maksimum varighet (i måneder): 36
Maksimum søkt beløp (i tusen): 3000

Behandlingsprosedyre:

Sekretariatet for fondsstyret vurderer om søknadane fyller krava i utlysinga, inkludert om alle obligatoriske vedlegg er med. Søknader som fyller krava går vidare til ekstern ekspertvurdering i samarbeid med Forskingsrådet. Sekretariatet vurderer dei administrative kriteria. Sekretariatet lager så ei innstilling til fondsstyret, som fattar endeleg vedtak om tilsegn eller avslag på søknadane.

Fondet tek seg retten til å diskutere søknaden med andre offentlige virkemiddelaktørar når det er relevant for søknadsbehandlinga.

FORVENTET TIDSPUNKT FOR SVAR PÅ UTFALLET AV SØKNADSBEHANDLINGEN:

20. juni 2019. Då legg vi ut oversikt over prosjekt som får vedtak om støtte på denne nettsida.

Alle søkjarar vil så få skriftleg svar med vurdering av søknaden.

Skriv ut siden